



Roald Nævdal  
Vardane 121A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1787 - 15/25661

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
28.07.2015

## Vedk byggestopp og pålegg om endringsøknad - gbnr 134/422 Hilland - garasje

Viser til vårt pålegg/varsel i brev datert 16.06.2015 og dine merknader i brev datert 02.07.2015.

Vi forstår at du ved plassering av garasjen har prøvd å etterkomma naboane sin ønske.

Det største problemet er at arealet på bygningen no er så stort at avstandskravet er 4 m frå nabogrense og 8 m frå annan bygning (også eige hus). Dersom dei aktuelle avstandane skal godkjennast, må det settast i verk tiltak mot brannspreiing mellom bygningar og det må leggest fram erklæringar frå eigarane av naboeigedommane om at dei godtek redusert avstand.

Mindre tiltak (opp til 50 m<sup>2</sup>) som den godkjente garasjen er, kan plasserast 1 m frå nabogrense og 1 m frå eige hus (jf pbl § 29-4). TEK 10 § 6-4 definerer mindre tiltak:

### § 6-4. Areal

Mindre tiltak som beskrevet i plan- og bygningsloven § 29-4 tredje ledd bokstav b gjelder bygning hvor verken samlet bruksareal eller bebygd areal er over 50 m<sup>2</sup>. Tilsvarende gjelder for andre mindre tiltak som ikke kan måles etter Norsk Standard NS 3940 Areal- og volumberegninger av bygninger.

Vår konklusjon er at det er gjort endringar som samla er så vesentlege at dei ikkje kan godtakast som mindre avvik i samband med ferdigattest. Det må søkast om endring, med nabovarsling, nye teikningar og ny situasjonsplan.

Vårt pålegg om byggestopp står ved lag. Vi kan sjølvstekt gje utsetting av fristen for endringsøknad, dersom du treng meir tid og ber om det.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Mottakarar:**

Roald Nævdal

Vardane 121A

5911

ALVERSUND